

Inne i eit frykteleg kaldt naust ved breidda av Flekkefjorden, står ein mann med øks og hogg. Og hogg. Og hogg.

Det han gjer, tek lang tid. Han byrjar med trestammen. Så skal denne stammen bli til fleire halsar, som han kallar det.

Ove Losnegård har invitert meg ut for å sjå på hogginga av halsar. I og med at det er båt det her er snakk om, tenkjer eg meg det må vere den fremste delen, slik som dragehovudet og halsen på eit vikingskip. Men eg har bomma fullstendig. Halsane er dei fire borda i botnen av båten, framme og bak, dei som svelgjer vatnet unna. Borda i midtpartiet vert kalla botnbord.

Desse skal han hogge rett ut av trestammen, og forme presist med øksa, utifrå kvar i båten dei skal vere. Eit utruleg tidkrevjande og nitid arbeid, og ei skikkeleg tolmodsprøve. Ein måte å lage ting på som har gått ut av tida. Ein bruk av tid som verkar nesten ufor-skamma, i moderne auge.

I denne rå fjordkulden som kryp innunder huda, står han berre og hogg og hogg.

Korleis finne ut om folka som levde før oss? Korleis dei hadde det, kva gjeremål dei fylte dagane sine med, kva dei tenkte om liva sine – og verda?

Historikarane går til kjeldematerialet, oftast skriftlege dokument. Dei les og tolkar. Ove Losnegård grip det an på eit heilt anna vis: Han byggjer. Båtar, først og fremst.

Lensmannsbåten fortel ein bit av kysthistoria vår. Men det nyttar ikkje berre å stå og sjå på den, studere den som ein historisk gjenstand. Du må byggje båten, om du verkeleg skal forstå den i djupna. Sidan må du prøve å sigle den. Først då kan du verkeleg forstå noko av det denne båten har betydd – kva kultur og levemåte den seier noko om. Slik tenkjer Ove Losnegård.

Båten har i mange år stått utstilt på Kystmuseet. Ein 6,5 meter lang åttring – det vil seie, ein robåt som er laga for å bli rodd av fire mann. Med andre ord, ein båt som var laga for å gå fort – eit utrykkingsfartøy, etter standarden i den tida.

No har Losnegård fått låne båten, slik at han og hjelparane hans kan lage ein kopi. Den gamle båten og ryggrada av den nye – med berre nokre få halsar festa på – står side om side i naustet. To vakre bogeformer som speglar kvarandre.

– I utgangspunktet veit vi lite om Lensmannsbåten. Det finst så å seie ikkje noko historisk kjeldemateriale som fortel om dette fartøyet, anna enn fartøyet i seg sjølv. Den vart truleg bygd tidleg på 1800-talet, men av kven, veit vi ikkje sikkert, seier Losnegård.

Utifrå konstruksjonen er det likevel råd å seie

ganske mykje om båten og kva den vart brukt til. Den er ein gammaldags sunnfjordsbåt, ein båttype som døydd ut tidleg på 1900-talet. Sunnfjordsbåten liknar mykje på nordfjordsbåten, den meir kjende slektningen, men er laga på eit langt meir arbeidskrevjande vis, nemleg ved å hogge borda i botnen til med øks. Nordfjordingane, derimot, utvikla ein langt meir straumlinjeforma produksjonsmåte, der dei gjekk meir over til å bøye borda.

– Inne i fjordane, nær kysten, var sunnfjordsbåten suveren. Båten er flatare i botnen og har skarpare innløp, og er difor raskare å ro. Han legg seg godt oppå vasskorpa, og svelgjer vatnet unna, forklarar Losnegård, ei aning stolt i stemma: det er jo *hans* nedarva båt-kultur det er snakk om her.

Men nordfjordsbåten klarte seg betre til havs. Fribordet – den delen av båten som stikk opp over vasskorpa – er høgare på nordfjordsbåten, difor er den tryggare og stødigare å sigle på ope hav.

Etter kvart som fisket vart utarma inne i fjordane, måtte fiskarane ut på ope hav for å få dei verkeleg gode fangstane. Den eventyrlige sildefangstane, til dømes. Slik vart sunnfjordsbåten utkonkurrert av nordfjordsbåten, og dessutan fordi den var så omstendeleg å lage.

– It's so weird to make a shape with an axe!

Omsetjing:

– Det er heilt merkeleg å lage ei form med ei øks!

Den unge mannen som seier dette, heiter Omar Tarik. Han er frå Irak, 15 år gammal, og ein av seks elevar ved United World College i Flekke som er med på å rekonstruere Lensmannsbåten.

Losnegård sine seks hjelparar har komme innom naustet for å fortelje meg korleis det er å vere med på eit slikt båtbyggingsprosjekt. Andris Otisons (17) frå Latvia, Halfdan Lie Hem (17) frå Norge, Naomi Choi (16) frå Hong Kong, Mitchell Steele (18) frå Canada og Lea Sanches Milde (16) frå Spania.

«Vi hadde nokre store tømmerstokkar, og vart fortalde at vi skulle splitte dei. Eg tenkte: Kan ein verkeleg gjere det – hogge desse stokkane opp med eiga makt?»

Dei er eit noko usannsynleg båtbyggjarte-am. Ingen av dei har erfaring med båtbygging, og berre eit par av dei – Halfdan og Andris – har vore borti snikring før. Norsk kystkultur er også temmeleg framand for dei.

Men nettopp det er mykje av poenget. Når Lensmannsbåten no skal komme til heider og ære igjen, kjem det av eit eige minnefond. «Ein glad gut» er fondet til minne om Knut E. Lorenzen, ein ung mann som var UWC-elev i Wales, og døydd då han knapt hadde runda 20 år. Formålet med fondet er å gjere internasjonal ungdom kjend med norsk kystkultur.

Til no har fondet finansiert bygging av naustet på UWC. Dette skuleåret går midlane til rekonstruksjon av Lensmannsbåten. Prosjektet involverer elevane som er der no, og båten skal sidan brukast av framtidige elevar ved skulen. Dei seks som har møtt opp, brukte prosjektveka si i haust til båtbygging. No brukar dei kvar fredag ettermiddag på prosjektet.

– Eg tenkte det ville vere ei kul erfaring, noko eg ikkje hadde prøvd på før, seier Andris.

– Vi hadde nokre store tømmerstokkar, og vart fortalde at vi skulle splitte dei. Eg tenkte: *Kva?* Korleis i all verda? Kan ein verkeleg gjere det – hogge desse stokkane opp med eiga makt? Og det kunne ein, viste det seg! Sidan vart eg så begeistra at eg øydela to økser!

– Ja, ja, to økser er no ikkje så gale. Eg var redd for at det skulle ryke med både føter og fingrar, humrar Ove Losnegård.

– Lukta var så sterk då vi hogg opp tømmeret, nesten sur. Det var fordi stokkane hadde vore lagra i sjøen. Då sjølukta sleppte taket, lukta det herleg av furu, seier Halfdan.

– Eg tenkte på vikingbåtar medan eg bygde. Vikingar er spennande, seier Lea.

– Og så likar eg så godt tanken på lensmannen! Korleis han sat der akterut i båten, medan fire mann rodde han fram dit han skulle.

Lensmannen, ja. Ein sjekk innom Fjaler gards- og ættesoge, bind I, gir litt informasjon, men ikkje mykje. Her går det fram at det budde lensmenn på Haugland (tidlegare Hovland) frå 1600-talet til tidleg på 1900-talet.

Eigedommen på Haugland har gjennom hundreåra vore knytt til kyrkje, stat og overklasse. Ei tid var jorda eigd av Hans Svane, erkebiskop i København, som fekk godset på Svanøy og 339 gardar i Sunnfjord attåt av kong Fredrik III som oppgjer for lån som bispnen hadde ytt til den krigslystne kongen.

Lensmennene på Haugland – i alle fall dei siste i rekkja – var lensmenn for Ytre og Indre Holmedal. Truleg omfatta lensmannsdistriktet heile Dalsfjorden og øyane ut til Bulandet.